

Hordaland fylkeskommune

19 JUN 2015

2014/11331-6

**INNKALLING**

**TIL**

**ORDINÆR GENERALFORSAMLING**

**I**

**VALEN KRAFTVERK**

**22. juni 2015**

**ORDINÆR GENERALFORSAMLING I VALEN KRAFTVERK AS**

vert halde i Fylkesbygget, fylkesvaraordføreren sitt kontor

**mandag 22. juni 2015 kl. 14.00**

**SAKLISTE:**

GODKJENNING AV MØTEINNKALLING

VAL AV MØTELEIAR

VAL AV REFERENT


1/2015 ÅRSRAPPORT 2014 MED REKNESKAP OG STYRET SI ÅRSMELDING

2/2015 REVISJONSGODTGJERSLE FOR 2014

3/2015 VAL

4/2015 HONORAR TIL STYRET

VALEN KRAFTVERK 17.06.2015

  
Johnny Stansen  
Styrelsiar

VEDLEGG

Sakshandsamar	Styre	Sak nr.	Møte dato	Side
Johnny Stiansen	Generalforsamlinga	1/2015	22.06.15	2

## ÅRSRAPPORT 2014 MED REKNESKAP OG STYRET SI ÅRSMELDING

Vedlagt styregodkjent årsmelding og rekneskap for 2014 med notar.

Styret handsama rekneskapen og årsmeldinga for 2014 den 27. april 2015 og vedtok samrøystes slik innstilling til generalforsamlinga:

1. Administrasjonen sitt framlegg til rekneskap vert vedteke som styret sitt framlegg til rekneskap for 2014.
2. Framlegg til årsmelding vert vedteke som styret sitt framlegg til årsmelding for 2014.
3. Styret tilrår at overskotet vert disponert som følgjer:  
Utdeling av utbytte for 2014: kr 500.000 -  
Overføring til anna eigenkapital: kr 388.573,-  
Sum disponeringar (= årsresultatet) kr 888.573,-
4. Styret tek atterhald om godkjent revisjonsberetning

Revisjonsberetning dagsett 30. april 2015 ligg no føre - sjå bakerst i vedlegget til denne innkallinga.

### Forslag til vedtak:

1. **Generalforsamlinga godkjenner Valen kraftverk AS til rekneskap for 2014.**
2. **Generalforsamlinga godkjenner Valen kraftverk AS si årsrapport for 2014.**
3. **Årsoverskotet for 2014 på kr 888.573 vert disponert som følgjer:**  
Utdeling av utbytte for 2014: kr 500.000 -  
Overføring til anna eigenkapital: kr 388.573,-  
Sum disponeringar (= årsresultatet) kr 888.573,-

Sakshandsamar	Styre	Sak nr.	Møte dato	Side
Johnny Stiansen	Generalforsamlinga	2/2015	22.06.15	3

**REVISJONGODTGJERSLE FOR 2014**

Godtgjersle for revisjon for 2014 var kr 29.100,-

**Framlegg til vedtak:**

**Generalforsamlinga godkjenner godtgjersle for revisjon for 2014 på kr 29.100,-**

Sakshandsamar	Styre	Sak nr.	Møte dato	Side
Johnny Stiansen	Generalforsamlinga	3 /2015	22.06.15	4

## **VAL**

Vigdis Robak Bjørge har meldt frå at ho ikkje ønskjer attval. Dei to andre i styret tek attval. Til å gå inn i styret i staden for Vigdis Robak Bjørge vert gjort framlegg om Guro Klyve. Alle vala er for eitt år.

### **Forslag tilvedtak :**

**Generalforsamlinga vel dette styret for Valen Kraftverk AS:**

**Johnny Stiansen** - styreleiar  
**Guro Klyve** - styremedlem  
**Sigrid Helene Aardal** - styremedlem

**Vala er for eitt år.**


Sakshandsamar	Styre	Sak nr.	Møte dato	Side
Johnny Stiansen	Generalforsamlinga	4 /2015	22.06.15	5

## HONORAR TIL STYRET

### Forslag til vedtak:

Honoraret til styret skal være i samsvar med reglene om møtegodtgjørelse i «Reglement om godtgjersle for folkevalde» i Hordaland fylkeskommune.

# VALEN KRAFTVERK AS



ÅRSRAPPORT  
2014

# VALEN KRAFTVERK AS

## Styret si årsmelding 2014

### Verksemd

Valen Kraftverk AS vart stifta i 2003 ved at Hordaland Fylkeskommune overførte sitt eigartilhøve i kraftproduksjon og nettdrift på Valen i Kvinnherad til selskapet. Denne verksemda var tidlegare nært knytt til drifta av Valen sjukehus. Nettdrifta er avvikla og selskapet si noverande oppgåve er å driva og utvikla kraftproduksjon i Valen- vassdraget.

### Tilsette og drift av selskapet

Selskapet har ikkje egne tilsette men leiger administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS. Det er inngått ein driftsavtale som omfattar all drift av verksemda til Valen Kraftverk AS. Avtalen gjeld fram til 31.12.2015. Selskapet har ikkje eigen omsetningskonsesjon men driv, etter godkjenning frå NVE, under Kvinnherad Energi sin konsesjon.

### Kraftproduksjon og kraftomsetning

Selskapet driv produksjon av kraft i egne anlegg. Total produksjon i 2014 var på ca 17,6 GWh mot 17,9 GWh i 2013. Drifta av stasjonen har vore stabil utan større avbrot i produksjonen.

Avtale om levering av produsert kraft er inngått med Kvinnherad Energi AS.

### Resultat og finansielle tilhøve

Rekneskapan for 2014 er gjort opp med eit overskot på kr 1,2 mill før skatt, ein reduksjon av resultatet med kr 0,8 mill frå 2013. Resultatendringa skudast kr. 1,2 mill lågare inntekter og kr. 0,4 mill i reduserte kostnader. Produsert kvantum er tilnærma uendra og inntekts-reduksjonen skuldast lågare kraftprisar.

Selskapet har eit ansvarleg lån på kr 6,0 mill frå Hordaland Fylkeskommune og har ein eigenkapital på kr 10,5 mill. etter årets disponering.

Styret foreslår følgjande disponering av årets resultat:

Utbytte:	kr	500.000
<u>Overføring til anna eigenkapital:</u>	<u>kr</u>	<u>388.573</u>
<u>Sum disponeringar:</u>	<u>kr</u>	<u>888.573</u>

### Framtidsutsikter

Framtidsutsiktene for selskapet er gode og med normal produksjon, og utsiktene for straumprisen i tida framover, vil selskapet kunna oppnå tilfredsstillande resultat i åra som kjem.

Valen Kraftverk har i 2014 fått tildelt konsesjon for utbygging av ny kraftstasjon i Valedalen, lenger oppe i vassdraget, men vedtak om utbygging er ikkje fatta.



NVE har sett fram krav om utbetring av dammen i Valedalen innan 2017, noko som venteleg vil medføra ein investeringskostnad på ca. 25 mill kr.


Kraftproduksjonen i eit normalår vil vera om lag 19,3 GWh.

#### **Framleis drift**


Årsrekneskapen for 2014 er sett opp under føresetnaden om framleis drift av selskapet.


Valen Kraftverk AS nyttar Kvinnherad Energi AS sine planar for HMS (Helse, miljø, sikkerhet) og tilsvarende tiltak for likestilling. Selskapet ureiner ikkje miljøet i drifta av verksemda. Selskapet har for tida ingen forsknings- og utviklingsaktivitetar.

Dimmelsvik / Bergen, 27.04.2015  
styret i Valen Kraftverk AS

  
Ernst Johnny Stiansen  
styreleiar

  
Vigdis Robak Bjørge  
styremedlem

  
Sigrid Helene Aardal  
styremedlem

  
Hans Martin Hjelmeland  
dagleg leiar

# VALEN KRAFTVERK AS

## RESULTATREKNESKAP


Note	2014	2013	
1	Energisalg og overføring	4 256 079	4 984 545
1	Andre inntekter	987 882	1 442 302
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>5 243 961</b>	<b>6 426 847</b>
	Aktiverte egne investeringsarbeider		
	Kraftkjøp og krafttransport	384 154	367 109
2	Lønn og andre personalkostnader	0	0
2, 3	Andre driftskostnader	1 334 825	1 662 976
5	Avskrivning på varige driftsmidler	1 158 921	1 155 580
	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 877 901</b>	<b>3 185 665</b>
1	<b>Driftsresultat</b>	<b>2 366 061</b>	<b>3 241 182</b>
	Finansinntekter	126 790	134 900
	Finanskostnader	1 275 915	1 332 905
	Netto finansposter	-1 149 125	-1 198 005
	<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>1 216 936</b>	<b>2 043 177</b>
4	Skattekostnad	-328 363	-579 794
	<b>ARSRESULTAT</b>	<b>888 573</b>	<b>1 463 383</b>
	OVERFØRINGAR:		
	Forslag utbytte	500 000	1 000 000
	Overføring til annan eigenkapital	388 573	463 383
6	Sum overføringar	888 573	1 463 383


# VALEN KRAFTVERK AS

## BALANSE


	31.12.2014	31.12.2013
Note <b>EIGENDELER</b>		
4 Utsett skattefordel	216 873	214 764
5,8 Kraftstasjon og fordelingsnett	43 373 128	43 723 901
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>43 590 001</b>	<b>43 938 665</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Kundefordringer	472 911	1 424 714
Andre kortsiktige krav	90 421	139 190
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>563 332</b>	<b>1 563 904</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l</b>	<b>5 777 747</b>	<b>5 845 694</b>
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>49 931 081</b>	<b>51 348 263</b>
Note <b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
6 Aksjekapital (10.000 aksjer à kr 100)	1 000 000	1 000 000
6 Overkursfond	3 090 289	3 090 289
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>4 090 289</b>	<b>4 090 289</b>
6 Annan eigenkapital	6 339 293	5 950 721
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>6 339 293</b>	<b>5 950 721</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>10 429 582</b>	<b>10 041 010</b>
<b>Annan langsiktig gjeld</b>		
7,8 Langsiktig gjeld	38 500 000	39 216 657
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>38 500 000</b>	<b>39 216 657</b>
Leverandørgjeld	36 829	264 388
4 Betalbar skatt	330 472	558 851
Skuldige off. avgifter	82 658	221 981
Føreslege utbytte	500 000	1 000 000
Annan kortsiktig gjeld	51 539	45 376
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>1 001 498</b>	<b>2 090 596</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>39 501 498</b>	<b>41 307 253</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>49 931 081</b>	<b>51 348 263</b>

Dimmelsvik / Bergen, 27.04.2015  
styret i Valen Kraftverk AS

  
Ernst Johnny Stiansen  
Styreleiar

  
Vigdis Robak Bjørge  
Styremedlem

  
Sigrid Helene Aardal  
Styremedlem

  
Hans Martin Hjelmeland  
Dagleg Leiar

# VALEN KRAFTVERK AS

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	2014	2013
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Ordinært resultat før skattekostnad	1 216 936	2 043 177
Betalt skatt i perioden	-558 851	-681 439
Ordinære avskrivningar og nedskrivning	1 158 921	1 155 580
Endring i kundekrav	951 803	-627 858
Endring i leverandørgjeld	-227 559	76 855
Endring andre tidsavgrensingsposter	-84 391	78 287
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>2 456 859</b>	<b>2 044 602</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler	0	0
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-808 149	-613 016
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-808 149</b>	<b>-613 016</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-716 657	-1 300 004
Utbetaling av utbytte	-1 000 000	-1 000 000
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-1 716 657</b>	<b>-2 300 004</b>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og lignande	-67 947	-868 418
Beholdning av bankinnskot, kontantar og lignande pr. 01.01	5 845 694	6 714 112
<b>Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande pr. 31.12</b>	<b>5 777 747</b>	<b>5 845 694</b>

## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2014 FOR VALEN KRAFTVERK AS

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har vidare følgd relevante føresegner i Norsk Regnskaps Standard utarbeidd av NRS.

### Inntektsføring

#### Ved varesalg:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vera tilfelle når vara er levert til kunden. Inntekta vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

#### Ved tenesteføring:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tenesta vert ytt, i takt med at arbeidet vert utført. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eit år etter siste dag i rekneskapsåret, samt postar som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av kostnad og verkeleg verdi (Lågaste verdis prinsipp). Kortsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikke oppskreve til verkeleg verdi som fylgje av renteendring.

### Anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Anleggsmidlar omfattar eiendelar til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar vert vurdert til kjøpskostnad. Varige driftsmidlar føres opp i balansen og vert avskrive over forventa økonomisk levetid til driftsmidlet. Varige driftsmidlar vert nedskrive til verkeleg verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### Krav

Kundekrav og andre krav er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning for venta tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte krava. I tillegg vert det for øvrige kundekrav avsett ein uspesifisert sum for å dekke pårekna tap.

### Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar periodens betalbare skatt som blir utlikna og forfell til betaling i neste rekneskapsår i tillegg til endring i utsett skatt. Utsett skatt er utrekna med 27% av netto midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt øvrige skatteposisjonar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserar eller kan reversere i samme periode er utlikna og nettoført.

### Note 1 Virksomhetsområder

	2014	2013
Energisalg	4 256 079	4 984 545
Finansoppgjør kraftsalg	987 882	1 442 302
Sum driftsinntekter	5 243 961	6 426 847
Kraftkjøp og nettleige	384 154	367 109
Avskrivning og nedskrivning	1 158 921	1 155 580
Andre driftskostnader	1 334 825	1 662 976
Sum driftskostnader	2 877 900	3 185 665
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>2 366 061</b>	<b>3 241 182</b>

**Note 2 Lønnskostnad / honorar**

Selskapet har ikkje hatt egne tilsette i rekneskapsåret.

	2014	2013
Honorarer		
Styremedlemer	14 320	40 780
Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	29 100	28 000
Honorar til revisor for annan bistnad	12 900	16 800
Sum	56 320	85 580

**Note 3 Annan driftskostnad**

	2014	2013
Vedlikehaldskostnader	97 455	417 634
Administrasjonstenester	648 859	594 000
Honorarer (frå note 2)	56 320	56 320
Forsikringar	139 190	186 185
Eigedomsskatt	285 834	274 762
Øvrige administrasjons- og driftskostnader	107 167	134 075
Sum	1 334 825	1 662 976

**Note 4 Betalbar skatt**

Årets skattekostnad kjem fram slik:	2014	2013
Betalbar skatt	330 472	558 851
Endring utsett skatt (fordel)	-2 109	20 943
Skattekostnad ordinært resultat	328 363	579 794

Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:	2014	2013
Årsresultat før skatt	1 216 936	2 043 177
Permanente og andre forskjeller	-776	-893
Endring i midlertidige forskjeller	7 811	-46 387
Sum skattbar inntekt	1 223 971	1 995 897

Betalbar skatt	330 472	558 851
----------------	---------	---------

Effektiv skattesats	27 %	27 %
---------------------	------	------

**Spesifikasjon av skatteeffekten**

av midlertidige forskjellar:	2014	2013
Driftsmidlar	-165 583	1 640
Gevinst og tapskonto	-637 652	-797 064
Sum	-803 235	-795 424

Netto utsett skatteforpliktelse/ skattefordel i balansen	-216 873	-214 764
--	----------	----------

Ved årsslutt 2014 hadde selskapet ingen skattemessige framførbare underskot.

Selskapet vert ikkje ilikna grunnrente og naturressursskatt, då ytelsane i kraftstasjonen er lågare enn grensa som er sett for slik likning.

**Note 5 Varige driftsmidler**

	Kraft- stasjon	Anlegg under utføring	Sum
Kjøpskostnad 01.01.2014	52 894 359	73 075	52 967 434
Tilgang kjøpte driftsmidler	593 860	214 289	808 149
Ferdigstilt anlegg under utføring	73 075	-73 075	0
Avgang solgte driftsmidler	0	0	0
<b>Kjøpskostnad 31.12.2014</b>	<b>53 561 294</b>	<b>214 289</b>	<b>53 775 583</b>
Akkumulerte avskrivninger 01.01.2014	9 243 533	0	9 243 533
Avskrivninger i år	1 158 921	0	1 158 921
<b>Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12.2014</b>	<b>10 402 454</b>	<b>0</b>	<b>10 402 454</b>
<b>Bokført verdi pr. 31.12.2014</b>	<b>43 158 840</b>	<b>214 289</b>	<b>43 373 128</b>

Økonomisk levetid  
Avskrivningsplan

10-67 år Ingen avskr.  
Lineær

**Note 6 Eigenkapital**

Selskapet har kun ein aksjeklasse	Antall	Pålydande	Bokført
Aksjer eigd av Hordaland Fylkeskommune (totalt antall aksjer)	10 000	100	1 000 000

Spesifikasjon eigenkapital	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Annan EK	Sum EK
<b>Eigenkapital 01.01.</b>	1 000 000	3 090 289	5 950 721	10 041 010
Årets resultat			888 573	888 573
Forslag utbytte			-500 000	-500 000
<b>Eigenkapital 31.12.2014</b>	<b>1 000 000</b>	<b>3 090 289</b>	<b>6 339 293</b>	<b>10 429 582</b>

**Note 7 Annan langsiktig gjeld**

	2014	2013
Ansvarleg lån Hordaland Fylkeskommune	6 000 000	6 000 000
Langsiktig lån Spareband 1 SR-Bank	0	33 216 657
Langsiktig lån Danske Bank	32 500 000	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>38 500 000</b>	<b>39 216 657</b>

**Note 8 Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt**

	2014	2013
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	26 716 657

**Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld:**

	2014	2013
Kraftstasjon	43 373 128	43 723 901
Fordelingsnett	0	0
Kundefordringer	472 911	1 424 714
<b>Totalt</b>	<b>43 846 039</b>	<b>45 148 615</b>



Tlf : 55 21 24 00  
Fax: 55 21 24 11  
www.bdo.no

O.J. Brochs gate 16A  
Postboks 2760  
Møhlenpris  
5836 Bergen

## Til generalforsamlinga i Valen Kraftverk AS

### Melding frå revisor

#### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Valen Kraftverk AS, som viser eit overskot på kr 888 573. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisebilde. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til Valen Kraftverk AS per 31. desember 2014, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Fråsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 30. april 2015

**BDO AS**



**Charlotte Bårdsen**  
Statsautorisert revisor